



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
71 25 84 50 Lars Kringstad

Ørsta kommune.

Avgrensa høyring av søknad om løyve til opprusting og utviding av Bjørdal kraftverk i Kvanndalselva.

Bakgrunn

Bjørdal kraftverk er frå 1931 og skal opprustast. M.a. skal det setjast inn nytt aggregat med auka slukekapasitet (frå 2,3 til 3,0 m³/s). Turbinsenteret skal senkast med 4,0 m med ny avløpskanal på 80 m. Deler av eksisterande røyrleidning skal skiftast ut og gravast ned. Denne delen er i dag stålrøyr som ligg oppå bakken. Oppgraderinga vil gje ein auka produksjon på om lag 7 GWh/år.

Merknader

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til oppgradering av eldre kraftverk, slik at ein får utnytta potensialet som alt ligg i eksisterande utbygging/infrastruktur.

Vi kjenner ikkje til registrerte naturverdiar eller viktige friluftsinteresser som kan bli rørt av tiltaket. Bioreg AS har gjennomført ei biologisk mangfald registrering og har heller ikkje funne særskilt verdfull flora/fauna i influensområdet.

Nedbørsfeltet ligg innanfor det nasjonale laksevassdraget Ørstavassdraget, men anadrom strekning stansar 3 km nedstraums kraftverket. Tiltaket vil derfor ikkje ha konsekvensar for laks og sjøaure. Kvanndalselva har stadeigen aure. Med noko meir variasjon i vassføringa og litt lenger strekning med kun vassføring frå restfeltet kan denne bli påverka. Vi registrerer likevel at Sweco si utgreiing om konsekvensar for fisk konkluderer med at tiltaket vil ha liten negativ påverknad på auren. Som kompensierende tiltak er det foreslått å legge ut gytegrus på eigna stader på den anadrome strekninga ovanfor Vatnevatnet. Vi er positive til dette, men rår til at ein tar kontakt med Fylkesmannen før dette blir gjort.

Søknaden inneber ingen endringar i reguleringsmagasinet (Kvanndalsvatnet), men køyringsmønsteret kan bli noko endra, særleg ved at flaumtapa vil kunne bli redusert. Vi har ikkje vesentlege merknader til dette. Vi er elles positive til at ny røyrgate blir greve ned og terrenget arrondert.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til kommentarane over. Med bakgrunn i dei opplysningane som er gitt i søknaden kan vi ut frå våre ansvarsområde tilrå den omsøkte opprustinga av Bjørdal kraftverk.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Ørsta kommune
Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dalevegen 6 6153 ØRSTA
Fylkeshuset 6404 MOLDE